



Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 18.03.2015  
Vår ref.: 2014/11976-14  
Saksbehandlar: ingedva  
Dykkar ref.: 2012/087575-007

## Omklassifisering av fylkesvegar i Austevoll kommune

Vi syner til brev frå Statens vegvesen av 1. desember 2014 og omklassifisering av fylkesvegar i Austevoll kommune.

Saka vart handsama i samferdselsutvalet i februar møtet, vedteke og sendt til endeleg handsaming i fylkesutvalet 19.februar. Fylkesutvalet fatta følgjande vedtak i samsvar med innstillinga:

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.02.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak

Fylkesutvalet vedtek at følgjande fylkesvegstrekingar i Austevoll kommune vert omklassifisert til kommunal veg:

1. Fv 156 – hp 01 – km 4,221 – 4,4460 Kalve – 225 meter
2. Fv 153 – hp 01 – km 2,907 – 3,013 inklusiv ferjeleie Kvaløy – 106 meter
3. FV 153 – hp 60 – km 4,433 – 4,590 Barmen – 157 meter
4. FV 155 – hp 50 – km 0,290 – 0,545 Kolbeinsvik – 255 meter

Med helsing  
John Martin Jacobsen  
leiar

Inge Edvardsen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Austevoll kommune

